

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke:

Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Fjell

Emne: Høgtidsmat ved familie-

Bygdelag:

fester

Oppskr. av:

Gard:

Hans O. Nordvik

Nordvik

(adresse):

G.nr.

4

Br.nr.

4

Kessjøen

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1) Ja, det var skikk, og det er framleis god skikk.
- 2) Dei kom enkeltvis.
- 3) Nei.
- 4) Det kunde falla ymse, men det mest vanlege var 6-7 dagar etter fødselen. — Dei skil helst koma med sengjamaten medan barnseugkona låg i sengja.
- 5) Berre ein gang for kvar fødsel.
- 6) For i tida var det anten grøut eller dravle.
- 7) Det var ikkje skikk her.
- 8) Honene bar sengjamaten (grøuten eller dravlen) i ein stor ambar, og ein liten ambar. Den store ambaren fekk barnseugkona, og den små ambaren fekk varmora, eller gamlekona i huset. Dei som kom med

Seugjamaten vart bedde  
til bords, og fekk av  
den beste maten som var  
i huset. Ambrane som  
dei kom med vart og sett  
på bordet. Dei skii' få  
smaka seugjamat-grauteu  
eller drauleu og.

Var der kornen andre  
slektningar med seugjamat  
fôr. Skulde dei som  
kom etter smaka på den  
maten og.

So skii' dei sjå det  
nyfødde i vogga, og uttala  
seg om, kvern det liknast  
på. Når alt dette var  
iudagjort gjekk dei heimatt.  
Ambrane vart ståande  
att, og vart send attende  
til gjevaren seinare.

9) Stundom künde barn-  
seugkona få kvitemjöl,  
semiljegryn, sukker og y. a.  
Det vart kalla seugjimat.

10) Som regel var det kona  
sjölv, som gjekk med seugjamaten.

11) Det vart sett på  
som lite høveleg, og mammen  
var difor sjeldan med.

12. Som alt fortalt, fekk  
sendingsfolket fraktering av  
aller beste slag, og der var  
ingen skilnad, akten det

gūt eller gjente.

13) Her i bygda har me ikkje særskilt namn på det.

14) Det var ikkje skikk for.

No for tida er her enkelte barnseugkoner, som har teke til med den skikken som Du nemner.

15) Ugifte mødre fekk lite seugjamat, slekt og vener syntte ikkje om at slikt hende.

16) Det er vanskeleg å nemna årstal, når den gamle skikken tok ende, og den nye tok til.

Kan ikkje deune samanheng nemna, at her brukast einno grøut som seugjamat; men det er rjomegrøut.

Men for det meste vert det no gitt store fine kringler og kakar, og sjokolade alltså.

Den gamle skikkane heldt seg stort sett til fram mot 1930.

17) Dei av slekt og vener som ikkje gd barnseugkona seugjamat, dei sende som regel ei gave til barnet.

T. d. kjolety eller eit ferdig klapplegg.

18) Stort sett er det sameleis idag og.

19) Ga. for i tidn heldt dei store barsel med mange gjester, — dei som hadde råd (utkomme) til det.

Far min fortalde, at han var i barsel på Hilsøy her i Fjell. Han reiste laurdagskvelden og dei turde og dansa (at drakk litt og) til mandagskvelden.

Då fyrst reiste gjestene heimatt. Dette var i 1882.

20) Det hette barsel.

21) Nei.

22) Alle som var bødne ga far eller mor til barnet ei gave, helst ei penge-gave. Og dei vilde gjerne gi like mykje alle.

Hø. som heldt barnet over dåpen, kom barnet ikkje heimare og, med gaver av ymse slag.

23) No er det oftast mor til barnet som heldt det over dåpen, og dei næraste av skyldfolket som er med i barslet.

### Fødselsdag.

24) I eldre tider vart ikkje fødselsdagen feiret, bortse for born eller vaksne. Dei vart ynskt tillukka

med dagen, og dermed det.

Tiunskilde heimar fekk  
borna ei lita gäve, men  
det var ikkje alle stader slik.

25) Det vert feiret fødselsdag  
berre ved runde tall.  
Og det er ikkje alltid det  
vert noko selskap då heller.

26. Det er dei næraste av  
slegt og viner.

27) Det er skikk å  
gi gäver til fødselsdagen,  
og det er berre bødne  
gjester som gjer det.

28) Nei.

29) Ja, no er det slik  
som de nemner.  
Sjokolade, kringle og  
bløtkake.

### Konfirmasjon.

30) Det var like feiring  
av konfirmasjonen i eldre  
tider her i Fjell.

Når foraldra og konfirmanten  
kom heim frå kyrkja, fekk  
dei seg middag som vanleg.

Konfirmanten fekk ikkje  
lov å gå ut millom andre  
born og ungdomar den dagen.  
Han eller ho måtte vakkert  
sitja inne og hukja over  
konfirmasjons-löfte dei hadde gitt.

mandagmorgon var det  
å få på seg kyrkje-kleda  
å fara til kyrkje att.

Da var det nattverd for  
alle konfirmantar med  
foraldre.

31) Det er vorte fast skikk  
no, å halda konfirmasjons-  
selskap, og skikken kom  
litt etter kvart. Før 1920  
var det svært lite brukt her.

32) Tanter og onkler kjem  
i fyrste rekkje, og so kann  
det vara barndomsvenner ein  
gjern vil ha med i laget.

33) Dei som kom, hadde gaver  
med, som dei ga konfirmanten  
under, eller etter selskapet.

34) Som regel er det berre  
dei som er bødne som  
gir gaver

35) Fyrst er det ein fin  
og solid middag, og seinare  
er det kaker av finaste sort.

### Brüdläup.

36) Det var ikkje skikk her,  
å halda forlovelsesgjestebod.

37) Det er fyrst no i dei seinare  
år det er vorte sedvane.

38) Matsetelu i ein Brüdläup  
her på Lotra i A.d. 1910  
säg om lag slik ut.

Når gjestene kom tilgards

fekk dei seg fyrst ein dram,  
og so fekk dei drikkja seg  
fjötöst av krüsil.

So bar det til bords.

Det vart servert kaffi og  
småbröd på store fatt.

Det var vörterbröd, franskbröd  
heitevegger og skillingebolla  
ründstykkje og julabrödskiver.

Smör, ost og sukker (farin)  
og gjestene smörde maten sjölv.

Når måltidet var ferdig  
gjikk ungdomane i danselovd.

Sudre måltidet var  
blodpylsa, og smelta smör  
med sukker i, til pålegg, og  
kaffi affat.

Det var berre servert  
2 matmål brüdläupsafta.

Brüdläupsdagen byrgja med  
prokost som var kaffi og  
småbröd, som nemnt fört.

Middag bestod av borskjöt,  
poteter og bötsüpa.

Til norskmat var det  
kaffi og småbröd og

kveldsmat var nysalta  
krosma, smör og lefser,  
og attpå mjölkesüpa med  
rosiner i.

Sudre dagen var same sort  
prokost som dagen fört.

Middagen bestod av  
nysalta kjöt og poteter og

byggrynsuppe. Den slags  
mat kalte dei sodd.  
(Poteter, var der sjövsagt til  
rosekjøtet fyrste dagen og.)  
Til nons var det kaffi med  
tilbehør, alle sortar småbrød, smør og ost.  
Skulde brüdlaupe vara lurre  
afta og 2. dagen so kom  
gratien om kvelden.  
Også kalt jagegratien.

Men dansen gjekk lett  
over tilje, og ungdomane  
hadde slett ikkje lyst å  
slutta. Dei dansa og  
tjura til langt ut på  
morgonen tredje dagen.  
Dei fekk kaffi og  
mat ut på formiddagen  
tredje dagen, og so bar  
det på heimveg.

Sp. 39 - 40 og 41 er ukjent her.  
42) Tauter til brüd og  
brüdgom hadde store og  
fine fodna-bröd med  
seg, når dei kom brüd=  
laupe-afta, og dei ga (dei)  
fodna-bröd til mot åt  
brüra, eller mot til brüdgomen.

Sp. 43 - 44. og 45 er lite kjent her.

46) Dei kaltes matmödre.  
— 47) Det er heilt slutt  
med flere dagars brüdläufe,  
og det slutta når krigen tok til.



V

48) Det avhenger noko av  
korsis tilhøve er i heimen.  
Ein del held brüdløup i  
Bergen på hotell.

Men eg trur at 75% av  
dei som gifter seg, lagar  
til brüdløup heime.

49) Det hender, men det  
er ikkje ofte.

50. Dei får lite, eller  
ikkje brüdløupsgåver.

51) Det vert oftast berre  
ved runder ball.

### Gravøl.

52) Slegningar og grundafolk  
var biden, og det var  
oftast eit vakse menneske  
av húslyden som reiste  
skring og bad til gravferda.

Dei sa kva dag i gravferds-  
dagen var, og bad dei koma.

53. Før i tida kom dei  
framande kvelden før grav-  
ferdsdagen. Det vil segja dei  
som hadde lang vei å reisa.  
Grundafolket kom om morgonen,  
og gjekk heimatt om kvelden.  
Da var det slutt for dem.

Dei langreisande var til  
dagen etter. For dei varde  
det altså 2 dagar.

Det var vanleg med 3 mål-  
tider for dagen. Morgonmat,  
middag, og kveldsmat.

54) Frokost var kaffi og  
småbröd, som dei smötte  
själw.

Middag var oftast  
"sodd" d. v. s. kjøt og poteter  
og byggrynsüpa.

Tweldsmat var  
ofte nysalta fisk (torsk eller brösm) <sup>med</sup>  
med milksüpa attåt.  
Maten vart servert ved  
langbord.

55) og 56 er ukjent her.

57) Det hende at dei måtte  
ha røke av maten hos  
næraste naboen.

Sp. 58, 59, 60, og 61 er ukjent her.

62. Sdag er det får som  
stiller til middag i gravöl.

Gjesterne får kaffi og mat  
før dei går til gravstaden,  
og det samme når dei kjem  
att. Det er enkelt og  
tidsparande.

63 Og så brukar ein ikkje  
alkoholhaldig drykk.

Det brukte ein helst mykje  
av i gamle dagar.

64) Nei.

Sp. 65 og 66. Sjå overfor.

67) Nei, ikkje her på Løtra.

68) Skriftlig innbydelse brukast  
ikkje til gravferder.

69) For omlag 15-20 år sidan.

## Nye fester.

70) 17 mai. Nei, det veit eg ikkje om.

Men det var mange fôt i lida som hadde i flaske dram til den dagen.

71) Ja, omlag kvar heim her på Gobra feirer torsdagen. Tva år ein tok til med det hugsar eg ikkje, men det er mange år sidan fyrste gongen.

72) Det har ikkje riktig blitt gjennomført.

73) På torsdagen har ein fin middag, og til kaffien stor bløtkake.

74. Som regel er det bakaren på staden som skaffar slike baker.

75) Kann ikkje seigja det sikkert; men eg trur det var gjennom avisene.